



Aurland kommune

Rådmannen

NOTAT

Arkivsaknr.:
2014000638-58

Arkiv
K1 - 020, K3 - &17,
K3 - &23

Sakshandsamar
Jan Olav Åsarmoen Møller, 959 84 656

Dato
25.02.2016

Prosjektplan for utgreiingsfasen - oppdatert etter vedtak

Mål

1. Avgjera kva alternativ det er aktuelt å ta vidare inn i ein utgreiingsfase
2. Avgrense til maksimalt tre alternativ etter ein overordna gjennomgang
3. Utarbeide mandat for utgreiingsfasen

Alternativ

1. Forhandle om intensjonsavtalar med
 - a. Voss/Vik
2. Sondering med Årdal og Lærdal
3. Utgreiing av konsekvensar av å halde fram åleine.

Effektmål

1. Vurdera resultata av intensjonsavtalar og alternativ om å halde fram åleina opp i mot ekspertutvalet sine kriteriar for framtidig kommunestruktur
2. Grunnprinsipp for forhandlingar om intensjonsavtale:
 - Det skal framleis vera arbeidsplassar knytt til stadbundne tenester i kommunen, og at dei administrative funksjonane bør sikrast gjennom ei funksjonsfordeling. Aktiviteten på dette området i Aurland skal stimulerast gjennom å vera eit lokalt knutepunkt ved bruk av servicetorg, desentraliserte kommunehus funksjonar og plassering av publikumsretta tenester som det er naturleg ligg desentralt.
3. Fange opp relevante haldningar, kjensler og realistiske moglegheiter

Prosessmål

1. Sikre at innbyggjarar og avgjerdstakarar kjenner seg trygge på at relevante omsyn blir teke med i arbeidet med intensjonsavtalar
2. Sikre godt nok grunnlag for rådgjevande folkerøysting
3. Sikre god dialog i prosessane fram mot avgjerd


Aktivitetar

1. Ein kommune bygd på eit framtidig felles bu- og arbeidsområde for kommunane Aurland, Vik og Voss.
2. Utgreiing av konsekvensar av å halde fram åleine.
3. Gjennomføre grendamøter før folkerøysting.
4. Medverknad
5. Gjennomføring av rådgjevande folkerøysting
6. Avgjerd om gjennomføring av ei eventuell samanslåing, eller halde fram åleine.

Tidsplan

Kva	Tid*
Framforhandling av intensjonsavtal	Januar/Februar 2016
Utgreiing av å halde fram åleine	20.01.2016
Grendamøter + involvering av innbyggjarar	Februar/mars/april 2016
Folkerøysting	Mai 2016

*Tidsplan må fastsettast/samkøyраст med dei andre kommunane som det vert framforhandla intensjonsavtale med. Det kan difor skje endringar av tidsplan.



Organisering

Det vert sett ned eit forhandlingsutval. Forhandlingsutvalet skal vera samansett av ordførar, varaordførar og ein frå opposisjonen. Tillitsvald blir representert med ein representant med talerett. Rådmannen deltek som sekretær.

Jan Olav Åsarmoen Møller
rådgjevar